

## Oppsummering frå kaffimøte med næringslivet:

1. Ordføraren og møte med NHO
  - NHO tok opp medlemmenes bekymring kring mangel på arbeidskraft. Er det ein ide å nytte kaffimøtet til at dei som møter kan svara på tre spørsmål; Kven representera du? / Kva er dine eller dikkos utfordringar? / Kva treng du av eller ynskjer deg av relevante samarbeidspartnarar? Tanken er å nytte kvarandres nettverk til å rekruttere til kvarandre.
  - NHO spurde rundt bruken av innkjøpskoordinator og korleis kommunen stilte seg til sin utøvelse av innkjøpsmakt. Ål og Hol samarbeidar om ein koordinerande innkjøpsstilling. Ordføraren vil ta dette opp i Regionrådet, om dette er nok for alle kommunane og evt. sjekke ut meir med Nesbyen kommune om eit samarbeid.
  - NHO lurte på om kommunen nyttar desse modellane som sikrar seriøst arbeidsliv som for eksempel. Oslo-modellen eller Skien—modellen. Kommunen tenkjer at dette er litt vanskeleg då ein ynskjer å rigge anbudsprosessar slik at også lokale aktørar maktar å stå i forhold til krava.
  - NHO lurte på om kommunen hadde noko syn på ladepunkt ved matbutikker
2. Kollektivordning pilot Gol og Geilo
  - Det blir jobba med å få fylkeskommunen til å fullfinansiere piloten og nytte piloten fyrst og fremst til å sjå på utvikling og utvidingsmoglegheitene for Bygderuta.
3. Kommunens budsjett ligg no ute på høyring fram til kommunestyremøtet 10.12.19. Der ligg det forslag om ei 50 % stilling til næringskonsulent finansiert med 200 000,- frå næringsfondet og 275 000,- frå ramma til samfunn og utvikling.
4. HFK er i samtalar med kommunen om korleis ein kan få til ein treningshall på Gol. Det er fleire tema som blir berørt ved den plasseringa som dei ynskjer seg, blant anna barnehage og parkering. Det er viktig at dei som ynskjer å vite meir om prosjektet eller kunne tenke seg å bli med i spleiselaget kan ta turen til ECO sine lokalar 20.11.19 kl. 18.00 på HFK sitt sponsormøte.
5. Informasjon frå administrasjonen ved ordførar;
  - Kommuneplan- arealdelen: Planutvalet har hatt oppe sak om grovsiling av innspel til planrevideringa. Det kom inn 61 innspel som samla utgjer om lag 7000 dekar og 1250 nye einingar. 14 innspel er i strid med overordna føringar og går ikkje vidare til konsekvensutgreiing. I tillegg er det 7 innspel der berre deler av innspela går vidare til konsekvensutgreiing. Administrasjonen skal no i gang med konsekvensutgreiinga.
  - Kommunedelplan Gol tettstad: Venter fortsatt på tilbakemelding frå STV på motsegn til planen.
  - Avhending av kommunale formålsbygg. Kommunestyret skal sluttbehandle saka tysdag. Formannskapet har tilrådd at Gol skule skal seljast på open marknad. For Glitrehaug skal det lagast ein utviklingsplan i regi av GKE AS. Øygdane gamle grendabarnhage skal seljast på open marknad, medan det i Åsgardane og på Rotneim i første omgang skal forhandlast med grendalaga om ei løysing.
  - Nytt bustadprosjekt i sentrum: Det er fremja reguleringsendring for eit stort bustadprosjekt i langs Gymnasvegen. Denne skal behandlast i UNN. Dersom reguleringsplanen blir godkjent, vil det kunne bli behov for å makebytte av parkeringsareal med Gol kommune.
  - Brannstasjon: Prosjektgruppa har lagt fram rapport. Det blir fremja ei politisk sak om dette over nyttår. Alternativa er å bygge nytt, eventuelt bygge om dagens stasjon i kommunal regi, be GKE bygge og leige ut til kommunen, eller innhente tilbod hjå private på leige av lokale etter konkrete kriterier og spesifikasjon.

6. Visit Gol kom med oppfordring om at alle med butikk eller andre næringseigedommar blir med å pyntar til julegateopninga på laurdag også med faklar på laurdag. I tillegg informerte dei om sjølve arrangementet, litt om julehandel og oppfordra møtet om å koma med innspel på aktivitetar for 2020.
7. Anna:
  - Det kom ein representant frå Wulff og co som fortalte litt og viste bilder ift utviklinga på Vikojordet.
  - Det kom innspel frå fjellet om at Visit Gol bør vurdere ei vinterbrosjyre.
  - Det vart og prata om hyttemessa og reiselivsmessa og Gol sin deltaking.
  - Det kom og opp litt om Masterplan for sykkel.